



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave

BLU-BACH15

### Predefinert informasjon

|                       |                                  |                        |                            |
|-----------------------|----------------------------------|------------------------|----------------------------|
| <b>Startdato:</b>     | 04-01-2019 09:00                 | <b>Termin:</b>         | 2018 HØST                  |
| <b>Sluttdato:</b>     | 11-01-2019 14:00                 | <b>Vurderingsform:</b> | Norsk 6-trinns skala (A-F) |
| <b>Eksamensform:</b>  | Bacheloroppgave                  | <b>Studiepoeng:</b>    | 15                         |
| <b>SIS-kode:</b>      | 203 BLU-BACH15 1 BOPPG 2018 HØST |                        |                            |
| <b>Intern sensor:</b> | (Anonymisert)                    |                        |                            |

### Deltaker

**Kandidatnr.:** 41

### Informasjon fra deltaker

**Tittel \*:** Motorisk utvikling i naturen

**Antall ord \*:** 8594

**Tro- og loverklæring \*:** Ja

**Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt \*:**

### Gruppe

**Gruppenavn:** (Anonymisert)

**Gruppenummer:** 16

**Andre medlemmer i gruppen:** Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min \*

Ja



# BACHELOROPPGÅVE

Motorisk utvikling i naturen

Motor development in the nature

Kandidatnummer: 41

Navn på bachelorprogrammet: BLU-BACH15

Fakultet/Institutt/program:

Barnehagelærer, Stord

Rettleiar: Jørgen Endseth Nerland

11.01.19 kl: 14.00

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10

# **Motorisk utvikling i naturen**

**”Naturen som læringsarena for barna sin motoriske utvikling”**



Bilete henta frå: <https://www.norskriluftsliv.no/ber-stortinget-investere-en-friluftslivsmilliard-til-barn-og-unge/>

**Bachelor oppgåve 2019**

**Barnehagelærerutdanning 3. år**

**Kandidatnr 41**

## Samandrag

Valet om å undersøke problemstillinga «naturen som læringsarena for barna sin motoriske utvikling» er grunna stor interesse for kor viktig naturen er i ein barnehagekvardag, og for barna sin motoriske utvikling. For å kunne utdjupe meg meir i dette tema har eg brukt kvalitativ metode, for å intervjuje to pedagogar i to forskjellige barnehagar. Etter mitt forskingsarbeid har eg funne ut at både pedagogen i naturbarnehagen og pedagogen i den ordinære barnehagen har ein tilnærma lik forståing av kor viktig naturen er som ein læringsarena, men det viser seg at naturbarnehagen er dei som faktisk bruker naturen som læringsarena som vil sei at dei oppheld seg i naturen kvar dag heile dagen, mens den ordinære barnehagen har kanskje ein turdag i veka, og til tider mindre enn dette også. Etter forskingsarbeidet kjem det fram at naturen er ein fantastisk læringsarena for barna, spesielt med tanke på den motoriske utviklinga. I teoridelen finn ein også ulike forskarar som også konkluderer med at barn som går i naturbarnehage eller oppheld seg mykje i naturen har eit godt forsprang på motorikken.

## Innholdsliste

|   |    |
|---|----|
| .....   | 1  |
| BACHELOROPPGÅVE.....  | 1  |
| 1.0 Innleiing .....   | 6  |
| 1.1 Fenomenologi.....   | 6  |
| 2.0 Teorigrunnlag .....   | 6  |
| 2.1 Rammeplanen .....   | 6  |
| 2.2 Det viktige ute rommet .....  | 6  |
| 2.3 Man lærer betre ved å bruke kroppen.....  | 8  |
| 2.4 Samanheng mellom miljø og motorikk .....  | 8  |
| 2.4 Dynamisk systemteori .....  | 9  |
| 2.5 Den motoriske utviklinga.....   | 9  |
| 2.6 forskarar om fysisk utvikling i naturen .....   | 10 |
| 2.6.1 Natur- og friluftsbarnhagen – en motorikkfabrikk? .....                                 | 11 |
| 2.6.2 Barnehagemiljø, romorienteringsevne, fysisk aktivitet og body-mass-index hos barn ..... | 12 |
| 2.6.3 Skandinaviske forskarar.....  | 13 |
| 2.7 Oppsummering.....   | 13 |
| 3.0 Metode .....  | 14 |
| 3.1 Val av metode.....  | 14 |
| 3.2 Kvalitativ metode .....   | 14 |
| 3.2.1 Intervju .....  | 14 |
| 3.3 Utvikling av intervjuguide.....   | 15 |
| 3.4 Utval av intervjuobjekt .....   | 15 |
| 3.5 Datainnsamling.....   | 16 |
| 3.6 Reliabilitet, validitet og feilkjelde .....   | 16 |
| 3.7 Etske vurderingar.....  | 17 |
| 3.8 Gjennomføring av intervju .....   | 17 |
| 3.9 Presentasjon og vurdering av datamateriale .....  | 17 |
| 4.0 Resultat og drøfting.....   | 18 |
| 4.1 Intervju .....  | 18 |
| 4.1.1 Barnehagane sine ute områder.....   | 18 |
| 4.1.2 Korleis bruker dei naturen som læringsarena? .....                                      | 19 |
| 4.1.3 Er dei vaksne med på å styrke barna sin motorisk utvikling? .....                       | 21 |
| 4.1.4 Forskjell på barnas bevegelses mønster eller aktivitetsnivå inne kontra ute .....       | 23 |
| 4.2 Oppsummering.....   | 25 |
| 5.0 Konklusjon og oppsummering.....   | 25 |

|                           |    |
|---------------------------|----|
| 6.0 Litteraturliste:..... | 27 |
| 7.0 Vedlegg.....          | 30 |
| Vedlegg 1.....            | 30 |
| Vedlegg 2.....            | 31 |

## 1.0 Innleiing

Å vere i ulent terreng i naturen er ein stor del av barnehagekvardagen, spesielt for naturbarnehagane som oftast bruker tida i naturen kvar dag heile året. Frå ulike praksisperiodar har eg sjølv opplevd mykje forskjellig bruk av naturen, der eg har sett barn som verkeleg meistrar motorikken og barn som ikkje har fullt så god motorisk kontroll over kroppen når dei møter på utfordringane som naturen har å by på.

### 1.1 Fenomenologi

Oppgåva mi vil bære preg av ein fenomenologisk tilnærming. Etersom eg brukar kvalitativ forskning vil den fenomenologiske tilnærminga vere å utforske og beskrive menneske og deira erfaring med og forståinga av eit fenomen (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 99). Eg skal dermed bruke ei slit tilnærming ved å intervjuar og å undersøke to pedagogiske leiarar i to barnehagar, der den eine er ein ordinær og den andre er ein naturbarnehage.

## 2.0 Teorigrunnlag

Ut i frå min problemstilling ``Naturen som læringsarena for barna sin motoriske utvikling``, vil eg finne ut viktigheita av naturen, korleis den kan brukas som ein læringsarena og kva naturen har å bety for barna sin motoriske utvikling.

### 2.1 Rammeplanen

I følgje rammeplanen (2017, s. 49) er det barnehagen sitt ansvar å la barna oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidig rørsleerfaringar, både inne og ute heile året. Gode vanar og handlingsmønster tek form frå tidleg alder, og kan vare livet ut. Barnehagen skal la barna bli trygge på eigen kropp, og dermed få ei positiv oppfatning av seg sjølv og lære å kjenne sine eigne kjensler. Dei ansatte i barnehagen har ei viktig oppgåve med å lære barna til å bli glade i naturen og gir dei erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg rundt i naturen til dei ulike årstidene (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 52).

### 2.2 Det viktige ute rommet

117 barnehagar i fem forskjellige, norske kommunar har gjort ein undersøking der de tar for seg størrelse på ute rommet, tidsbruk og kva som finnes av leikematerialet (Moser, Martinsen



2009). Undersøkinga viser også at i vår og sommar sesongen er barna i gjennomsnitt ute 70% av opningstida i barnehagen, mens dei er ute ca 30% av opningstida i vintersesongen. Det vil seie at uteområdet vil ha enda større betydning som den pedagogiske arena ein kva ein kanskje hadde trudd (Thorbergesen, 2012, s. 9). Eit uteområde kan tilby mykje til både personalet og barna, trivsel og estetikk handlar om korleis dei opplever og ser på uteområdet i barnehagen. Det er viktig å sjå kva moglegheiter barna har på dette området, korleis dei kan bevege seg og kva dei kan oppleve som for eksempel trær å klatre i eller ulike plasser å søke ly for vær og vind slik at dei kan oppleve naturen, høyre etter lydar, smake, lukte og sanse dei ulike årstidene. I følgje Eli Thorbergesen (2012, s. 15) så vil uteområdets sanse inntrykk ha betydning for korleis personalet og barna opplever det som godt og interessant eller som eit trist og lite inspirerende miljø. Eit inspirerende miljø er også eit innbydande miljø for lek.

Det som er felles for dei barnehagane som kan kalle seg naturbarnehage er det at dei legg stor vekt på naturen i kvardagen, tida vart som oftast brukt til å studere insekt og ande smådyr, eller bruker til i naturen for å gi barna dei motoriske utfordringane dei treng (Lysklett, 2013, s. 57). De barna som er mykje ute utviklar ein større styrke og held ut lenger. Dette har med området ute å gjere, her er det ofte større fysiske utfordringar. I for eksempel skogen finn barna stokkar og greiner som skal eller kan flyttast, det krev meir styrke å gå i myr, sand, snø eller i ulent terreng som humpar og bakkar. Ved dette får barna utfordre utholdenheita for leiken varer som oftast lengre og krev meir styrke og uthald av barna (Vingdal & Hollekim, 2001, s. 31). Fjørtoft (2012, s. 177) hevdar også at naturen er den som representerer eit miljø der barna ser moglegheiter og utfordringar. Ho påpeikar også at årstidene, været og landskapet som endrar seg er med på å styrke naturen som ein læringsarena for barna. Naturen kan også vere med å skape trygghet for barna, Løkås (2018) skriv at ein av naturbarnehagane har valt å ta tilvenning me de minste barna ute i naturen, og at dette har vist seg å vere ein positiv oppleving for barna ettersom dei er i eit miljø der dei kan utfolde seg og undre seg, i staden for å vere inne på eit lite rom der barna ofte kan grine om andre barn vart henta eller ei dør opna seg og det ikkje er foreldra som kjem å hentar der og då.

### 2.3 Man lærer betre ved å bruke kroppen

Fysisk aktivitet er ein veldig viktig faktor for at barn skal lære å skrive og lese. Det er fleire og fleire som ender opp ved å sitte bak en dataskjerm å spille eller ser på TV. Det viser at for veldig mange har dette ein samanheng, at svak motorikk kan ha ein negativ betydning for ein positiv lese- og skrivelæring. Gjennom fysisk aktivitet modnast hjernen, og eit barn lærer seg for eksempel forskjell på høgre og venstre gjennom den fysiske aktiviteten som dermed påverkar at dei vil kunne skjøne forskjell på b og d, eller forskjell på to tall som er samansett som for eksempel 14 eller 41. Sjølv motorikken er avhengig av at sansane våre er velutvikla, dette skjer når kroppen er i bevegelse eller aktivitet. Kroppens motorikk er med på å stabilisere syn, høyrsel og balanse, som alle er med på å få ei forståing av lese- og skrivelære. Eit stabilt syn er med på at ein forstår den korrekte rekkefølga av bokstavane, mens høyrsel er viktig for språklæringa, balansen som ein bruker i bevegelsane våre eller i aktivitet er med på at ein skal klare å sitje i ro for å konsentrere oss (Berg, 2008, s.85).

Fjørtoft (1999, s. 118) får fram at det har vert gjort fleire leikeplass-studiar som viser at eit mangfaldig og spanande leikemiljø stimulerer til leik, likevel er det mest av slike kjedelege og lite utfordrande leikeplassar me ser de fleste stadar. Ein slik standar leikeplass gir barna lite utfordring og eit slikt miljø er ferdig utforska på nokre få timar. Naturen derimot representerer ein dynamisk og røff leikeplass som er med på å stimulere barns sansemotoriske utvikling. Fjørtoft (1999, s. 119) skriv at naturen gir barn moglegheiter til å gripe, kaste, eit tre kan brukas til klatring, hoppe ned frå, krabbe over, krype under eller til å gøyme seg. Det er eit dynamisk miljø, der barna seg moglegheiter og tar dei i bruk. Dette gjer at barna får oppleve verkelegheita og får dermed grunnleggande ferdigheiter og får oppleve meistring. Å bruke på å vere i naturen og å vere på tur er ein naturleg del av kvardagen i ein naturbarnehage (Vedum, Dullerud & Ødegaard, 2005, s. 19). Barna er mykje meir delaktige og får ansvar for kva utstyr dei reng, kvar dei skal gå, og for kvarandre.

### 2.4 Samanheng mellom miljø og motorikk

Thorbergesen (2012, s. 34) viser til Ingunn Fjørtoft (2000, 2004), og det viser seg at eit naturleg terreng med ulike typer utfordring vil gi barn trening som dermed aukar deira motoriske ferdighet. I naturen ligg objekta og terreng ligg der som er ein moglegheit for barnet å ta i bruk, det er slike miljø som barna synes er innbydande til leik og dermed vil dei

automatisk ta i bruk kroppen for å trene på de motoriske ferdigheitene. Barna blir dyktigare på de ferdigheitene som terrenget tilbyr dei, eit tre kan for eksempel vere innbydande til å klatre, men ein stein kan vere til å balansere på (Thorbergsen, 2012, s. 34). I følgje Lars Maanum (2010, s. 39-40) burde naturen stå sentralt i barnehagen som ein meistringsarena, dette gjeld ikkje berre meistring av eigen kropp, men også moglegheiter for meistring av leik og sosialt samspel. Frå fødselen er eit barn ein sosial deltakar og meiningsaktør som utvikla seg når han eller ho deltek i kvardagslege aktivitetar som er sosialt og kulturelt organisert. Barnet er då undrande, aktiv, kompetent, ivrig osv. (Askeland & Sataøen, 2013, s. 15). I 2018 publiserte Kari-Ann Jørgensen ein artikkel om kor viktig ute tida er for barna, det er her dei får utfolde seg og dei får lettare for å gå ut og inn i ulike situasjonar. Ho skriv at miljøet i naturen er bra for både kreativiteten og motorikken til barna, og at det einaste positive ein kan seie om inne miljøet er at det er trygt for barna.

## 2.4 Dynamisk systemteori

Den dynamisk systemteorien (DST) er læring av motorisk ferdigheiter i samanheng mellom individets biologiske forutsetningar, oppgåvas art, og det fysiske og sosiale miljøet der ferdigheita utøves. Ingunn Fjørtoft (2012, s. 176) skriv at det fysiske miljøet spiller ein stor og betydeleg rolle for læring av bevegelsar. Sigmundsson og Pedersen (2000, s. 31) får fram at det er tilnærma umogleg å gjer den same bevegelsen heilt likt fleire gangar. Dette er fordi det er så mange detaljer som påverkar bevegelsane, dette kallas variablar. Thelen (1995, s. 84) har med utgangspunkt i dynamisk systemteori utvikla ein teori som byggjar på *probabilistisk epigenes*, som vil seie at det finnes tilfeldigheit i utviklinga, til ein viss grad. Denne teorien vektlegg interaksjonar mellom barnets vekst, miljø, veremåte og utvikling av spesifikke bevegelsar.

## 2.5 Den motoriske utviklinga

Det er to hovudmotorisk bevegelsar ein bruker, de kallas grovmotorikk og finmotorikk. Grovmotorikk er eit omgrep som handlar om styring og kontroll av bevegelsar som gjer at ein bruker store muskelgrupper som gir store bevegelsar eller tar i bruk heile kroppen. Dette vil seie at grovmotorikk betyr enten forflytting av heile personen eller bevegelsar at større deler av kroppen utan at personen forflytter seg i eit rom. For at barna skal lære seg å gå er det god trening i å for eksempel åle seg, rulle og vippe for å trene på det grovmotoriske (Moser, 2012,

s. 136). Finmotorikken derimot handlar om de små bevegelsane, her gjeld det å ha kontroll og styring på bevegelsane som bygger på aktivitet i små eller få muskelgrupper. For å meistre finmotorikken krev det presisjon og timing, koordinere til rett tid som for eksempel å holde ein blyant og å kunne teikne ein strek, sirkel og andre ting. Finmotorikken som ein ser igjen på barna i uteområdet er auge-hand-koordinasjon ved at dei skal plukke opp noko på bakken eller kanskje sikte inn og kaste ein ball. Auge-fot-koordinasjon ser ein tydeleg når barna går i ulent terreng, dette handlar om at barna klarar å planlegge kvar dei kan gå utan at dei snublar i eigne bein eller hindringar dei møter på (Moser, 2012, s. 136). Barn treng trening slik at dei meistarar å bruke kroppen, deira skjelett er i ein anna fasong enn hos vaksne. Barn har eit relativt stort hovudet som igjen gjer at deira tyngdepunkt ligg høgt, men når kroppen vekst og barna lærar å meistra kroppen gir dette barna betre balanse over tid (Jagtøien & Hansen, 2012, s. 104).

Barn er i stadig utvikling, og dei treng både motivasjon, utfordrande miljø, støtte og meistring for å trene opp den motoriske utviklinga. I naturen er det store moglegheiter for barna å bruke motorikken. Osnes, Skaug og Kaarby (2015, s. 117) viser til Schmidt (1991) som definerer den motoriske læringa som fleire prosessar knytt til praksis eller erfaringar, dette gir barna evna til å utføre dei motoriske ferdigheitene dei lærar seg. Det er mange faktorar som er viktige for at eit barn skal få betre motorikk og kompetanse, men det er uansett veldig viktig for eit barn å praktisere bruken slik at dei stadig utviklar motorikken (Osnes, Skaug & Kaarby, 2015, s. 117). Breivik (2001) får fram at det å vere i bevegelse, aktivitet og leik viste seg tideleg å vere ei naturleg side av det å vere menneske. Med tanke på dette kan det tenkes at bevegelse, nyskjerrighet og utforsking av verden er menneskets kjenneteikn.

## 2.6 forskarar om fysisk utvikling i naturen

Det har vert gjennomført fleire studiar som tar for seg motorisk utvikling for barn i naturen. Her har eg valt å ta utgangspunkt i nokre studiar som viser forskjell på barn i natur- og ordinær barnehagar, og korleis miljøet rund påverkar barna. Nå skal me sjå kva de forskarane har funnet ut om dette tema.

### 2.6.1 Natur- og friluftsbarnhagen – en motorikkfabrikk?

Formålet med denne forskinga var å finne ut om det er forskjell på den motoriske utviklinga til de barna som går i ein friluftsbarnhage samanlikna med de i ein ordinær barnhage.

Metoden Berg (2005, s. 66- 67) brukte var ein pre- og posttest av barns motorikk ved hjelp av Movement ABC. Ho meinte sjølv at ho valte denne testen fordi den var ein funksjonell og standardisert motorisk test som også tek hensyn til barnets alder. I pretesten deltok 82 barn, 39 gutar og 43 jenter der alle vart født i der same årstal som var 1998. Ca halvpartar av dei var frå fem ulike ordinære barnhagar, mens den andre halvparten kom frå fem ulike friluftsbarnhagar. I posttesten deltok berre 35 frå friluftsbarnhage og 32 stk frå ordinær. ”The movement ABC” var instrumentet ho brukte, dette inkluderte testar for barn som gav både kvantitativ og kvalitativ evaluering av barnets motoriske ferdigheiter. Testen i seg sjølv bestod av 8 ulike aktivitetar som barna skulle gjennomføre. Det var tre aktivitetar som gjekk på handferdigheitene, som å putte pengar i ei børs, tre klossar på ein tråd og følgje ein sykkelveg med blyant. To av aktivitetane gjekk på ballferdigheiter som mottak av erterpose og rulling av ball i eit mål. Det var ein statisk balanse øving der barna skulle stå som ein stork på eit bein. Ant sist var det ein koordinasjonsøving der oppgåva var å hoppe over ein tråd med samla bein på høgde med kne, den aller siste øvinga var den dynamiske balanse testen ved å gå tå-gange langs ein strek (Berg, 2005, s. 67). Etter fullført test der barnas sum vart samla opp etter tidsbruk, antal godkjente forsøk og treff. Poenga gjekk frå 0-5, der 0 var best. Slutt poengsummen ville gi ein indikasjon på deira ferdigheitsnivå på kvar øving, samtidig barnets motoriske utviklingsnivå. Skalaen som vart følgt gjekk frå 11-17 poeng der var barnet med dårleg motorikk, og over 17 poeng blei vurdert som såpass svakt av barnet burde få oppfølging og det burde settast i gang tiltak for betre motorisk utvikling (Berg, 2005, s. 67)

I følgje studien til Berg (2005, s. 68) viste det seg å vere ein signifikant forskjell mellom gruppene på fem av dei åtte aktivitetane og det blei ein totalskår der friluftsbarnhagegruppa kom best ut. Det var derimot ikkje store forskjellar i øvingane som gjekk på finmotorikk og statisk balanse. Derimot var det ingen signifikante forskjellar mellom gruppene på posttesten, alle barna i dei ordinære barnhagane hadde framgang frå den første til den andre testen, dette gjaldt også barna frå friluftsbarnhagane med unntak av hopping over tråd. Berg (2005, s. 70) spekulera over om dette viste gode nok resultat ettersom barna frå naturen som skåra 0 som er på topp, hadde dei ikkje moglegheit til å få vise forbetring i posttesten. Dette kunne virke som ein mangel på framgang, men kan skyldast ein takeffekt i testen sjølv.

2.6.2 Barnehagemiljø, romorienteringsevne, fysisk aktivitet og body-mass-index hos barn  
For å undersøke om satsing på friluftsliv i ein barnehage betrar barnas fysiske form og romorienteringsevne, gjorde Fiskum, Estil og Gundersen (2005, s. 89-90) ein undersøking blant barn i to forskjellige barnehagar. Denne testen gjekk ut på å måle den fysiske aktiviteten i barnehage kvardagen, barnas body-mass-index som vil seie forholdet mellom høgde og vekt, og ulike oppgåver som måler romorienteringsevna deira. Slik som Berg gjor, målte også de tre forskarane ein ordinær barnehage opp mot ein natur- og frilufts barnehage.

Romorienteringsevne målte Fiskum, Estil og Gundersen (2005, s. 90-91) i ti forskjellige standardiserte og standardiserte testar som igjen blei delt i fire kategoriar. Den første kategorien var bevegelse av heile kroppen i forhold til rom, retning og hastigheit. Det vart utført fire del testar i den første kategorien som slalåm løp, erterposeløp, pendelløp og klatring i ribbevegg. Slalåm løpet gjekk ut på at barna skulle springe slalåm mellom 10 kjepler som var fordelt på 11 meter. Denne testen krev at barna må tilpasse hastigheita, retning og avstand i forhold til kjeplene. Erterposeløp handlar om å samle inn ein og ein erterpoe som er fordelt rundt om i rommet, og deretter leggast oppi ein kurv. Her krev romorienteringsevna ved at det er mykje retningsendringar og barnet på ha kontroll på kvar erterposane ligg i forhold til kvarandre. Pendelløp, inngår i testbatteriet av fysisk form. Her skulle barna springe i ei løype på 5 meter, att og fram, med inkludert vendingar. Til saman springer dei 50 meter, og dette stiller krav til beinstyrke, teknikk og uthald. I tillegg krev det at barna klarar å tilpasse hastigheit i forhold til avstand, retningsendringar og fartsauking. Den siste deltesten var å klatre i ribbevegg, her skulle dei klatre oppover, bortover og nedover som krev orientering av heile kroppen og samtidig styrke i kroppen. Det krev presise og hurtige plasseringar av armar og bein i forhold til ribbene. På alle de øvingane over vart prestasjonane målt i tid. Kategori nr 2 handlar om å bevege kroppsdelar i forhold til kvarandre og omgivnadane, her har dei valt å bruke 2 delaktivitetar som er plate tapping og indian skip. Platetapping inneber at barnet skal ta på vekselvis høgre og venstre plate med ei sjølvvalt hand, der det vart målt kor lang tid det tar å ta på kvar plate 25 gangar. Ei slik oppgåve krev hurtige og presise plasseringar at handa i forhold til omgivnadane. Indian skip går ut på at barnet skal løfte vekselvis høgre og venstre fot slik at det vart 90 grader i hofta, og samtidig plassere motsett hand på framsida av kneet. Det krev raskt og presist plassering av kroppsdelar i forhold til kvarandre.

I dette testbatteriet målte dei også i to stillesittande aktivitetar for å måle barnas auge- hand-koordinasjon og å gjenkjenne figurar og former. Barna fekk tildelt eit hefte der det var teikna geometriske figurar, og de skulle da teikne likedanna figurar. Ei slik oppgåve krev ei evne til å oppfatte med synet og til å kunne reprodusere dem motorisk.

I alle testkategoriane presterte barna frå friluftsbarnhagane betre enn dei frå dei ordinære barnhagane. I dei statistiske analysane blei det også tatt hensyn til andre forhold som kunne påverke resultatene, som for eksempel BMI (body-mass-index). Fiskum, Estil og Gundersen (2005, s. 92-94) ville undersøke om det var forskjell i romorienteringsevne, aktivitetsnivå og BMI hos barn i ein ordinær barnehage og i ein friluftsbarnhage. Resultatene viste at de i friluftsbarnhage hadde signifikant betre romorienteringsevne i tre av fire testkategoriar. De hadde også mykje større aktivitetsnivå og lågare BMI, og det viste tydeleg ein samanheng mellom aktivitetsnivå og BMI.

### 2.6.3 Skandinaviske forskarar

Det viser seg at skandinaviske «barnehageforskarar» også får tilnærma like resultat når det gjeld å sjå på forskjellar mellom natur- og ordinær barnehage, resultatene her viser også at barna som er i ein naturbarnehage gjer det betre enn dei barna som er i dei ordinære barnhagane. Ein svensk landskapsarkitekt og forfattar kalla Patrik Grahn var også ute med ein liknande studie der han testa barna sin motorikk og studerte forskjellen på barna når dei var ute i naturen og dei som ikkje var like vande til å bruke kroppen men vere meir inne. Det viste gode forskjellar på spesielt på dei ulike aktivitetane som balanse, smidigheit og styrke (Grahn, Mårtensson, Lindblad, Nilsson & Ekman, 1997, s. 71-79). Det var spesielt Grahn sin studie som vart gjort på naturbarnehagar i 1997 som fekk stor merkning (Lysklett, 2013, s. 141).

## 2.7 Oppsummering

I denne teoridelen tar eg for meg viktigeitane av naturen for barna si læring og motoriske utvikling. Nå i dag finn ein mange forskjellige naturbarnehagar i landet, det er blitt eit større fokus på bruk av naturen ettersom mange har fått meir kunnskap om gevinsten det er for barna. I teksten kjem det også fram kva motorikk er og kvifor det er viktig for barna å utvikle dette slik at dei får god kroppsleg kontroll, barna treng stadig nye utfordringar slik at dei både opprettheld og vidareutviklar motorikken.

## 3.0 Metode

I dette kapittelet kjem val av metode og korleis eg har arbeida med intervjuguide for å samle data eg treng til min konklusjon på oppgåva.

### 3.1 Val av metode

I denne oppgåva har eg valt intervju innanfor kvalitativ metode. Grunnen til dette er at eg skal kunne få eit innblikk i korleis barnehagane driv med naturen som læringsarena i praksis, og korleis dei utnyttar eit slikt tilbod for den motoriske utviklinga til barna. Intervjuobjekta vil vere to pedagogar, ein som er i ein ordinær barnehage, mens den andre er i ein naturbarnehage. Valet av intervju var for at eg skulle kunne stille oppfølgingsspørsmål dersom noko skulle vere uklart.

### 3.2 Kvalitativ metode

Postholm og Jacobsen (2011, s. 40-41) hevdar at den kvalitative metoden er ord og tekst, og at denne metoden betraktast som induktiv. Det at metoden er induktiv vil seie å ta utgangspunkt i de situasjonelle betingelsane, som også kan bety at forskaren går ut i feltet for å oppdage sjølv med eit opent sinn. Ved de kvalitative metodane er målet meir ei forståing enn ein forklaring (Løkken & Søbstad, 2013, s. 35-36). Etersom min problemstilling er «naturen som læringsarena for barna sin motoriske utvikling», er intervju ein god måte å finne ut av dette på. Ved intervju går eg sjølv ut i feltet med eit opent sinn for å finne ut kva dei ansatte meiner og kan også stille oppfølgingsspørsmål om det er noko som er uklart.

#### 3.2.1 Intervju

Postholm og Jacobsen (2011, s. 74-77) skriv at det finnes det strukturerte intervjuet, det halvstrukturerte intervjuet og det ikkje strukturerte intervjuet. Postholm og Jacobsen (2011, s. 74) viser til Fontana og Frey (2000) som forklarar det strukturerte intervjuet der alle som blir intervjuet får de same spørsmåla i same rekkefølge, og den som intervjuar er trent til å stille spørsmåla på ein lik måte kvar gang. I eit slikt intervju skal ikkje intervjuaren avvike frå de planlagde spørsmåla, og heller ikkje være einig eller ueinig i svara, men klare å holde seg nøytral til alt som vart sagt. Fontana og Frey (2000) som Postholm og Jacobsen (2011, s. 75) viser til forklarar det halvstrukturerte intervjuet som ein hovudsakleg datainnsamlingsteknikk som går ut på ei utspørjing av fleire individ. Anten samtidig eller kvar for seg. Når den som



intervjuar skal gjennomføre eit slikt intervju, er det nokre relevante spørsmål klare på forhand, men kan også vere open for tema som ikkje var planlagt på forhand. Eit slikt intervju er meir opent og induktivt. Eit strukturert intervju, vart meir rekna som eit lukka og deduktivt intervju. Det siste, også kalla det ikkje strukturerte intervjuet kan kallas for eit opent intervju. Bruken av ikkje strukturerte intervju har som mål å innhenta presis data som kan forklare fenomen innanfor forhandsbestemte kategoriar (postholm & Jacobsen, 2011, s. 76-77). Eg har valt å bruke det halvstrukturerte intervjuet, der eg har klar spørsmål, men er samtidig open for nye tema som kanskje kjem opp under eit intervju.

### 3.3 Utvikling av intervjuguide

Proessen med å lage intervjuguiden som skulle brukas til dei to intervju starta med å utforme spørsmål som skulle gi meg både svar til korleis dei arbeida med naturen og som kunne vise forskjell og lik heit i to forskjellige barnehagar. Deretter sendte eg ut mail der eg presenterte både meg sjølv og oppgåva slik at intervjuobjekta skulle ha ei før forståing av intervjuet. Postholm og Jacobsen (2011, s. 78) får fram at i eit halvstrukturert intervju er det viktig å ha klart ei liste av det tema som skal tas opp, men at den som deltek i intervjuet skal ha moglegheit til å ta opp det som kjem naturleg for dei å snakke om. Christoffersen og Johannessen (2012, s. 80-81) skriv at nøkkelspørsmåla er kjernen i ein intervjuguide, dette er fordi det kan kome fram ting i intervjuet som krev utdjuping, hensikta med dette er at den som intervjuar skal få den informasjonen han eller ho treng.

### 3.4 Utval av intervjuobjekt

For å kunne innhente informasjon som vil vere hensiktsmessig for å svare på min problemstilling hadde eg eit ønske om å finne to forskjellige kandidatar til å svare mitt intervju, og som også hadde pedagogisk utdanning som barnehagelærer, dette blei lagt med som kriteria for mine intervjuobjekt. Grunnen for mitt val av intervjuobjekt med pedagogisk utdannings som praktiserte som barnehagelærer var frå ulike erfaringar i praksis der mange praktisera ulikt ved bruk av naturen i barnehagen. I utvalet av de to intervjuobjekta valde eg ein frå ein ordinær barnehage og ein frå naturbarnehage. Begge er kvinnelege barnehagelærarar og ho frå den ordinære barnehagen har i tillegg til den ordinære barnehagen også arbeida i nokre år på ein naturavdeling og har mykje kunnskap om dette. Den siste

barnehagelæraren har vert med å starta opp ein naturbarnehage og har arbeida der i omtrent 10 år.

### 3.5 Datainnsamling

I min prosess av datainnsamling valte eg meg to forskjellige barnehagar, som eg har litt kjennskap til frå før. Den eine var ein naturbarnehage, mens den andre var ein ordinær barnehage. Barnehagane var svært forskjellige i utgangspunktet, der naturbarnehagen var ein liten barnehage der alle var samla, og den ordinære barnehagen som har 4-5 basar der barna er meir fordelt etter alder. Eg valte de barnehagane for å kunne sjå forskjell og samanlikne måten dei arbeidar på og korleis syn dei har på naturen som ein læringsarena. Eg kontakta barnehagane på mail der eg sendte ut skjema (vedlegg 1) om dei ville delta i mi undersøking som gjaldt naturen som læringsarena og den motoriske utviklinga til barna, og fekk svar at begge barnehagane var villige til å delta. Eg intervjuar ein pedagog i kvar barnehage, for å sjå om det er nokre forskjellar innanfor dette området. Det blei brukt lydopptak/diktafon under begge intervjuar, slik at intervjuar skulle få ein fin flyt og at eg kunne vere meir til stade under heile samtalen.

### 3.6 Reliabilitet, validitet og feilkjelde

Ved å bruke kvalitativ forskingsmetode som intervju kan det føre til feiltolking og misforståing, men når ein intervjuar har ein samtidig ein god moglegheit til å stille oppfølgingsspørsmål og å la informanten rette opp sine svar slik at begge får ein felles forståing av svara til kvart spørsmål. Reliabilitet omhandlar om resultatets truverdigheit, altså om kor pålitelege resultatene er (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 211). I følgje Løkken og Søbstad (2013, s. 112) er det viktig å vere veldig forsiktig med å unngå eit ledande spørsmål slik at informanten får ein sjans til å svare med eigne ord. Vidare påpeikar Løkken og Søbstad (2013, s. 113) at det er viktig å bruke opne spørsmål slik at informanten ikkje føler på at dei kan svare rett eller galt, dette vil seie at spørsmåla ikkje har ein antydning til kva informanten vil svare, men gir dei ein sjans til å svare ærleg. Det er dette er meiner er ulempene ved bruk av den kvalitative metoden som intervju, men det er også mykje fordeler ved ein slik metode. Når ein møter ansikt til ansikt er det lettare å få ein god flyt og samtale rundt tema ein intervjuar om. Dette gir også ein moglegheit for å kunne observere informanten og at dei får

utdjupe sine meiningar om kvart enkelt spørsmål. Ein kan også stille oppfølgingsspørsmål dersom det er nokre ukklarheit eller ønskjer å gå meir inn i spørsmålet.

Validitet blir definert som sannheit, riktigheit og styrke, som igjen vil seie at ein valid slutning er korrekt ut i frå sine premisser (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 226). Desto høgare reliabilitet i oppgåva er sjansen større for å få ein høgare validitet også. Korleis transkripsjonane skal vere truverdige slik at den kvalitative forskingens nøyaktigheit forbeholdt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 212-213). Ved bruk av kvalitativ forskingsmetode som intervju kan føre til nokre feilkjelder, det er her viktigheita av gode spørsmål og intervjuguide i forkant av eit intervju. I følgje Løkken og Søbstad (2013, s. 112) oppstår det ofte feilkjelder ved bruk av intervju, og grunnen til dette er ofte utydelege spørsmål som kan bli misforstått av intervjuobjektet.

### 3.7 Etiske vurderingar

Det første eg gjorde var å sende ut søknad (vedlegg 1) til ein naturbarnehage, og ein ordinær barnehage. I denne søknaden introduserte eg meg sjølv og oppgåva mi, og skreiv at eg ville intervju ein pedagog i kvar barnehage. I denne søknaden presiserte eg også at eg ville ta i bruk lydopptakar slik at dette var avklart på forhand, og alt ville vere anonymisert.

### 3.8 Gjennomføring av intervju

Etter intervju har eg nokre erfaringar etter vala eg tok med intervju. Eg sendte spørsmåla til intervjuet på forhand, slik at dei fekk tid til å tenkje og reflektere over tema. Intervjuobjekta gav meg gode, utfyllande svar, og eg kunne vere til stades under begge samtalan/intervju fordi eg brukte diktafon/lydopptak som eg i ettertid kunne bruke til å transkribere intervju.

### 3.9 Presentasjon og vurdering av datamateriale

Etter fullført intervju, satt eg meg ned for å transkribere innhaldet av diktafonen som vart brukt. Då dette vart ferdig starta sjølv analyse prosessen der eg skulle velje ut sitat frå begge intervju som kunne setjast opp mot kvarandre for å samanlikne eller få fram forskjellar og deretter drøfte rundt sitata frå begge intervjuobjekta. Resultat og drøfting vart presentert i lys av teori i neste kapittel.

## 4.0 Resultat og drøfting

I denne delen av oppgåva vil er presentere dei resultata eg fekk i mine intervju, der intervjuet er med to pedagogar, ein i frå ein ordinær barnehage, og den andre frå ein naturbarnehage. I mine intervju (vedlegg 2) hadde eg 11 spørsmål som omhandla korleis dei vaksne brukar naturen som ein læringsarena og korleis både naturen påverkar barna sin motoriske utvikling og utfolding. Eg har valt å referere til barnehagane som naturbarnehagen og den ordinære barnehagen, og har også valt de fiktive namna Siri og Henriette ettersom intervju og barnehagane skal vere anonymisert.

### 4.1 Intervju

Eg vil nå presentere intervjuet med Siri og Henriette i form av sitat og korte samandrag, og samtidig drøfte litt rundt mine funn gjennom teori.

#### 4.1.1 Barnehagane sine ute områder

Siri arbeidar i naturbarnehagen og er veldig stolt over uteområdet dei har i barnehagen. De er i ein park, omringa av skog, trær, buskar og ulent terreng. Ho beskriv uteområde deira som eit godt miljø for barna sin motoriske utvikling. *Me har eit spesielt uteområde utan gjerder. Her har me ikkje meir enn to hytter, ein sandkasse og ein bil, men barna er å klatrar mykje i trær og gøymer seg inn i buskar. Eg kunne ikkje ha ønska meg noko meir leiker som for eksempel eit ferdigprodusert klatrestativ der det er standardiserte avstandar mellom klatre taka.. Me brukar ikkje vårt område så mykje fordi me er ute på tur kvar dag, me har mykje flotte områder rundt oss. Me merkar raskt at barna vart gode og trygge på sin eigen motorikk, dei får stadig føle på meistring og utfordring som gjer at dei er under stadig utvikling. Me kjem inn på når barna sjølv får bestemme kvar dei vil på tur, og Siri seier at ho ofte må bite i det sure eplet og gå på tur til ein leikeplass. Barna koser seg på ein leikeplass, men me vaksne ser at ca etter 15-20 min så er de fleste barna i utkanten av leikeplassen og leiker med natur materialar i staden for klatrestativet eller rysjebanen.*

Vedum, Dullerud og Ødegaard (2005, s. 19) får fram at hovudforskjellen på leiken i ein naturbarnehage og ein ordinær barnehage er at den er mindre forutsigbar, utviklinga er annleis og det skjer på eit naturmiljø i staden for ein tilrettelagt leikeplass. I naturen skjer det stadig overaskande ting og det finnes spanande lydar, lukter og gjenstandar barna kan møte på. Eit

rikt naturmiljø skaper kreative barn (Vedum, Dullerud & Ødegaard, 2005, s. 19). Barn treng å utforske og å undre seg over naturen, ein slikt ulent terreng er også det som gjer at barna stadig får meistring over sin eigen kropp, koordinasjon og motorikk.

Henriette er ikkje like imponert over den ordinære barnehagens uteområdet, og meiner at dette ikkje er spesielt tilrettelagt for alle barn i alle aldrar, mens ho legg til; *på framsida er som oftast dei minste barna, der finn me ein sandkasse, balansestokk og ei reile, men det er ingen babyreile. Når det kjem frost er allereie sandkassa ute av bilete. På baksida av barnehagen er det derimot meir tilgjengeleg for barna, men dette brukar dei eldste barna. Her finn me ei flott bru, reiler, butikk og andre ting som barna bruker mykje, men eg synes ikkje sjølv at det er kjekt å ha dei minste barna der for då mistar ein fort kontrollen på det store området.* Henriette legg også til at dei har ein bratt skråning på framsida som dei ofte brukar, dette viser seg å vere god trening for dei motoriske ferdigheitene til barna, her får dei også utfordre seg både fysisk og psykisk.

Både Siri og Henriette viser seg å ha like stort engasjement for viktigeita av miljøet rundt både dei vaksne og barna. Den største forskjellen eg fann etter å ha stilt spørsmål om barnehagen sitt uteområdet må vere kva dei i naturbarnehagen har tilgang til, i forskjell til den ordinære barnehagen. Som tidlegare nemnt er det gjort fleire leikeplass-studiar som viser barna treng eit spennande leikemiljø som stimulera til leik, men likevel er det dei fleste leikeplassane me finn i dag kjedelege og lite utfordrande (Fjørtoft, 1999, s. 118). Henriette nemner, slik som Siri, at dei har fokus på kva område som gir barna god motorisk trening og har dette i fokus, men Henriette føler samtidig at barna ikkje får same utbytte av å bruke ute område til barnehagen som dei gjer ute på tur i naturen. Ein kan då byrje å tenke over kvifor ikkje dei fleste barnehagane satsar meir på naturen, vertfall når det er så stort fokus og fleire forskingar på kvifor naturen er så bra for barna og at dei får eit mykje større utbytte av å bruke tida si ute.

#### 4.1.2 Korleis brukar dei naturen som læringsarena?

Siri seier: *Heile barnehagen vår bruker naturen som læringsarena. Natur og friluftsliv er vår pedagogiske læringsarena som vil seie at alt ein kan gjere inne, drar me med oss ut. Her arbeidar me med den sosiale kompetansen til barna, samtidig som det motoriske, språk og danning.* Siri legg også til at når barna er ute får dei mykje meir plass til å boltre seg og vart ikkje bremsa av miljøet rundt.

Ingunn Fjørtoft (1999, s. 119) skriv at naturen er den som representerer ein dynamisk og røff leikeplass som er med på å stimulere barna sin sansemotoriske utvikling. Intuitivt er det fysisk utfordring og leik barna bruker landskapet til. Ute i naturen, gjennom leiken utvikliker barna eit meir komplekst forhold til og forståing for sin eigen kropp og sine bevegelsar utan at dei er klar over dette sjølv (Moser, 2012, s. 135).

Henriette seier: *Me går på tur og slikt i skogen, det er mykje som skjer naturleg når me er ute å går eller i leiken til barna. Så lenge det er litt ulent terreng og at barna får møte på ulike utfordringar som er tilpassa deira alder. Det viser seg at barna tek dei utfordringane dei meistrar.*

Moser (2012, s. 135) får fram at dei følelsane barn får gjennom utfordringane av kropps- og bevegelse bevisstheita er minst like viktige, et kan vere alt frå skam, glede, stoltheit etc. Som Henriette seier er det mykje som skjer naturleg når ein tilbringar tid ute i naturen, men det viser også viktigheita av at dei vaksne støttar barna og oppmuntrar dei til å prøve nye ting for å utfordre seg sjølv. Spørsmålet er i kor stor grad barna får prøve å utfordre seg sjølv i dei ulike terrenga dei møter på, og det vises tydeleg at barn som bruker mykje tid i naturen ofte prøves seg på større utfordringar ettersom dei har meir erfaring i slike miljø.

Sandseter (2010, s. 60) skriv at barn treng å få tilgang til miljø som inviterer til forskjellig type leik, i naturen får barna moglegheit til å prøve seg på spenningsleiken og den risikofylte leiken der de får prøve seg på høgder, fart, kaos- og kamp leik. Berg viser til sin forskning der ho pre testar og posttestar barns motorikk ved hjelp av Movement ABC, her deltok barn frå både ordinære barnehagar og naturbarnehagar der det viste seg at det var ein betydeleg forskjell på barna i dei forskjellige barnehagane (Berg, 2005, s. 65-78). Grunnen til dette kan

vere tilgjengelegheit av gode miljø og områder og at naturbarnehagane brukar meir tid i naturen slik at barna får plass og moglegheit til å utfolde seg på meir utfordrande stader. Med eit stort, godt og utfordrande miljø rundt, er det med på å styrke barna sin fysiske aktivitet. I følge Sandseter (2012, s. 59-60) vil eit barn som oftast reagere heilt spontant når han eller ho kjem til eit leikemiljø som for eksempel kan vere ein barnehage. Kvart barn har ein unik måte å tolke og sjå moglegheiter i miljøet dei er i, og samtidig ha evne til å tilpasse til sin eigen kroppsstørrelse, styrke, kompetanse, mot og frykt. Det er på slike måtar eit miljø er innbydande til leik og aktivitet (Sandseter, 2012, s. 60). I motsetning til Henriette er Siri stolt over deira område i barnehagen og dei turområda dei har tilgang til, og i barnehagen merkar dei store forskjellar på den motoriske utviklinga til barna og den meistringa, styrken og ferdigheitene dei tek med seg vidare. Man lærar med hjernen, men ein kan ikkje lære noko utan informasjonen frå resten av kroppen. Hjernene modna når eit barn er i allsidig bevegelse, ein utviklar sansane når ein er i aktivitet eller bevegelse. Dette har vist seg å ha ein innverknad på å lære å lese og skrive, eller sjå forskjell på høgre og venstre, og sansane er viktige for kunne få ein god motorikk (Berg, 2008, s. 85).

#### 4.1.3 Er dei vaksne med på å styrke barna sin motorisk utvikling?

*Siri seier: Her synes eg at me er veldig flinke til å pushe dei, dei får klatre der dei vil og me oppfordrar til at dei skal prøve seg på dei ulike tinga slik at dei til slutt vil klare å meistre dette.*

Siri nemnar også at dei vaksne har ein uskriven regel om viss nokre av de vaksne synes det er ubehageleg at barna for eksempel klatrar så høgt, eller går på skumle områder så kan dei byte med kvarandre til ein vaksen som er komfortabel med barna sin leik. Dette er med på at dei ikkje bremsar barna og ikkje overfører deira frykt over til barna. Ho nemnar at i den naturbarnehagen har dei innstillinga «klart me kan!». Og dette er dei veldig stolt over. Henriette nemnar også denne uskrivne regelen, og legg til at dette er for at dei vaksne ikkje skal overføre sin frykt til barna, og samtidig ikkje bremse dei i den viltre leiken som styrka deira motoriske utvikling.

*Henriette seier: Me er flinke til å la barna trene på motorikken både inne og ute, me har for eksempel tilgang til ein stor klatrevegg, eller lagar til «tarzan» løye i gymsalen vår. Når me*

*er ute på tur så tenkjer me at det er mest turen som er fokuset, men at mykje av dei motoriske ferdighetane barna får kjem med på kjøpet. Slik forklarar Henriette at dei arbeidar med den motoriske utviklinga til barna, og legg samtidig til at ho skulle ynskje at dei var meir ute på tur.*

Frå eit slikt spørsmål er det ikkje store forskjellar på svara, det viser seg at begge intervjuobjekta har same syn på kor viktig den motoriske utviklinga til barna er. Igjen kan det sjå ut som om at det handlar mykje om tilgang til miljø og at natur barnehagen bruker naturen som sin faste base i motsetning til den ordinære barnehagen som også brukar ein del tid inne og har den typiske leikeplassen med standardiserte leikeutstyr. Det kan virke ut som at den ordinære barnehagen brukar mindre tid med barna ute, det kan vere fleire grunnar til dette. For det første kan det vere større fokus på eit dei typiske «inne aktivitetane» vart utført inne, mens naturbarnehagen dreg slike aktivitetar med seg ut i naturen. For det andre kan det vere mindre tilgang til utfordrande og variert miljø rundt barnehageområdet. For det tredje kan det korleis dei vaksne seg på bruk av naturen og at dei kanskje har lite kunnskap om kor viktig og givande dette kan vere for barn i alle aldrar.

For det andre kan grunnen til at ordinære barnehagar brukar mindre tid i naturen i forskjell til naturbarnehage vere mangel på kunnskap om kor stor gevinst det er for barna å bruke mykje tid i naturen. Både Siri og Henriette har arbeida i både ein ordinær og naturbarnehage og seier at det å bruke naturen som ein læringsarena så får barna mykje meir erfaring gjennom leik og kan boltre seg på større områder. I følge Fjørtoft (1999, s. 120) forklarar ho at det har vist seg at naturbarnehagane som har naturen som sin læringsarena gjer at barna vart meir kreative i leiken og er meir aktive i sin frileik.

Ut i frå dei to forskjellige svara meiner eg at ein kan konstatere med at det å bruke naturen som læringsarena gir barna eit stort og godt utbytte av læring, utvikling og motoriske ferdigheiter. I følge Siri så kan ein godt merke stor forskjell på barn som har god erfaring i naturen, ho påpeikar at hos ser ein god motorisk utvikling, det skapar gode relasjonar blant barn og vaksne og barna brukar mykje tid på å undre og utfordre seg sjølv. Ettersom barn i naturbarnehagar viser god utvikling gjennom naturen, kvifor er det då slik at ikkje alle



barnehagar har større fokus på å bruke tid ute og i naturen? For det første har eg fleire gangar opplevd gjennom ulike praksisbarnehagar at mykje av det handlar om at de vaksne anten ikkje likar å vere ute i dårleg ver, eller har stort fokus på andre aktivitetar dei skal utføre som ofte kan vere inne. Det mange ikkje heilt klarar er å kanskje ta med slike aktivitetar ut og dermed få bruke mesteparten av tida der. I rammeplanen (2017, s. 49) står det at barnehagen skal la barna få oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidig rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt. Det kjem også fram i rammeplanen (2017, s. 49) at barna skal få vidareutvikla motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar. Det er da viktig at de vaksne i barnehagen gir barna slike moglegheiter, og store deler av dette har personalet moglegheit til å gi barna i ute tida og gjennom naturen.

#### 4.1.4 Forskjell på barnas bevegelses mønster eller aktivitetsnivå inne kontra ute

*Siri seier: Me bruker ikkje mykje tid inne, det er kunn på starten av dagen og litt på slutten av dagen. Den litle tida me er inne merkar me at konflikt- og støynivået vart høgare og me vaksne er nøtt til å bremse barna meir, mens ute får barna meir plass og utfordringane som dei kanskje treng. Når me er ute gruppera ikkje barna seg like mykje som dei gjer inne. I ute tida kan alle leike med alle og dei fordeler seg ikkje etter alder, gut og jente osv, men alle leikar kjekt i lag og det går meir på deira felles interesser.*

Som Siri nemnar her viser det seg at barna kan ofte føle seg meir bremsa i inne tida, her merkar ho også at barna gruppera seg meir og kan skape ulike konfliktar. I ute tida er nok dei fleste barna likestilt og får prøve seg på eigne erfaringar, 2 åringane får prøve seg på det same som 5 åringane og dei vaksne er flinke til å ikkje bremse dei på det som ofte kan føllast skummelt. Eg vil konkludere med at barn som stadig får møte på nye utfordringar og samtidig får lov til å prøve seg på ting som kan vere skummelt, viser ein god læringskurve. Det kan vere fleire faktorar som påverkar barnas utvikling, trygge vaksne, gode miljø og at barna sjølv får undre og å søke etter det dei synes er spennande. Eg vil nesten seie at dei ordinære barnehagane ikkje alltid tar i bruk dei resursane dei har rundt om, eller kanskje ligg på eit området der det krev ekstra for å komme seg ut i naturen som for eksempel i byar. Anne berg (2005, s. 65) si forskning om barns motorikk får fram vesentlege forskjellar på barn i ordinær og naturbarnehage, men mellom pre- og posttesten valte dei ordinære barnehagane å bruke meir tid ute og i naturen, dette viste stor forskjell og progresjon for barnas motorikk. Grunnen

til dette kan vere at barna i naturbarnehagen får stadig utfordre seg når dei brukar mesteparten av tida ute i naturen i motsetning til barna i den ordinære barnehagen som også brukar mykje av tida inne og ikkje får like god erfaring med naturen frå tidleg alder.

Henriette seier: *Her ser me litt både og, det er fleire barn som også kan føle seg litt bremsa når dei er ute om dei ikkje har den beste motorikken. Dette kan ofte vere grunna store ute klede eller eit litt for utfordrande terreng.* Ho legg også til at inne er det eit flatt området som barna lett klarar å boltre seg på, men at dette ofte gjeld i alderen 2-3 år. I barnehagen kan dei også sjå godt på dei barna som ikkje er like vane med å vere ute i naturen eller bevege seg mykje, og dei kan ofte bli meir slitne og det krev meir av dei ute på tur.

Henriette nemnar at nokre av barna kan føle seg litt bremsa i ute tida, dette er fordi dei ikkje har god nok motorikk, dei vaksne meiner også at barn som bruker store klede som dressar, store sko og fleire lag med klede under er med på å bremse barna. Kvifor er dette eit problem den ordinære barnehagen opplev, men ikkje naturbarnehagen? Det kan ha ein samanheng med det som Fiskum (2005, s. 93) nemner om korleis miljøet inviterer barn til leik, det typiske standardiserte miljøet til ein leikeplass som kanskje dei fleste barn i ordinære barnehagar er vande med tilbyr ikkje like store utfordringar som naturen byr på, og barna får dermed ikkje like stort utbytte av den motoriske treninga gjennom leiken. Sandseter (2010, s. 56) får fram at de barna som søker nye utfordringar, som kan vere på grensa til kva dei tørr sjølv og meistrar, vil dei etter kvart få verdifulle eigenskapar og kunnskap, og lærer dermed korleis dei skal handtere og meistre ulike utfordringar utan at dei skadar deg sjølv og kjenner sine egne grenser.

I følgje Fiskum (2005, s. 93) si forskning der det vart målt BMI (body-mass-index) på barna, viste seg at barna i ordinære barnehagar viste seg å ha høgare BMI enn dei i naturbarnehagane, som igjen var ein samanheng av den fysiske aktiviteten barna er i. Ho får fram at eit naturleg miljø inviterer til meir variert fysisk aktivitet enn eit miljø der ein finn standardiserte leikeplassutstyr. Kvifor brukar ikkje dei ordinære barnehagane meir tid ute i naturen når det er vist gjentatte gonger at dette har ein veldig positiv effekt på barnas utvikling og fysiske aktivitetsnivå? Den kan tenkes at mange nok av de vaksne ikkje har nok

kunnskap til den gevinsten det er å bruke naturen som ein læringsarena, at det kan handle meir om kva dei sjølv prefererer når det gjeld å forme kvardagen i barnehagen. Frå egen erfaring i ulike praksisbarnehagar så har det vist seg opp til fleire gonger at det ofte er lettare å velje å vere inne om det er kaldt eller dårleg ver. For eit barn kan det vere like spennande å leike med pyttar, plaske med vatn og leike ute når det er regnvêr, men det er ikkje alltid vaksne klarar å sjå den gleda barn får av slikt.

## 4.2 Oppsummering

Ut i frå resultata av intervju med ein naturbarnehage og ein ordinær barnehage ser ein både likheit og forskjellar. Begge intervjuobjekta viser seg å ha veldig likt syn på både bruk av naturen og viktigheita av barna sin motoriske utvikling, men praktisera det i ulik grad. Naturleg nok er det naturbarnehagen som praktisera bruken av naturen mest og dei barna får dermed meir trening i det motoriske og møter større utfordringar enn barna som er i den ordinære barnehagen.

## 5.0 Konklusjon og oppsummering

I mi oppgåve har eg fordjupa meg i teori og brukt den kvalitative metoden intervju, eg har også drøfta rundt og analysert mine funn i lys av teori. Både i teoridelen og drøftingsdelen kjem det fram at naturen er ein veldig viktig del av barna sin kvardag, her får dei trene på den motoriske utviklinga og det er gjort fleire forskingar på at bruken av naturen har ein stor positiv effekt på motorikken til barna. I følgje Anne Berg (2005) og Fiskum (2005) kan dei også konkludere med at naturen er ein viktig faktor for barnas motoriske utvikling, dette har dei begge forska på og studie viser at barna treng ulent terreng, nye utfordringar og kjenne på meistringsfølelsen for å kunne ha ein jamn og god utvikling. Begge har brukt ulike testbatteri der dei brukte barn frå ordinære og naturbarnehagar slik at dei kunne sjå om det viste ein vesentleg forskjell på barna sin motorikk, som det viste seg å gjere. Gjennom intervju kom det fram at begge intervjuobjekta hadde veldig likt syn på bruken av naturen som ein læringsarena, men kunn naturbarnehagen klarte å utnytte naturen slik det vart ynskja. Ut i frå intervju føler eg at eg kan konkludere med at barna frå naturbarnehagen har eit betre utgangspunkt og betre framgang i læringa og en motoriske utviklinga, dette er fordi det kom fram at dei frå naturen hadde med seg alle barn i alle aldrar ut på ting som skitur i ulent

terreng, mens den ordinære barnehagen følte mykje meir på at ofte dei yngste barna vart mykje bremsa av terrenget og sin eigen motorikk. Det kom også fram at barna frå naturen har ein ekstrem læringskurve frå første stund, dette er fordi dei stadig får nye utfordringar som dei etter kvart meistrar. Den ordinære barnehagen hadde også stort fokus på at barna skulle få trene på motorikken, men her fann eg ut at det var meir bruk av standardiserte leikeutstyr og at barna ikkje alltid like godt meistra motorikken like godt ute som dei for eksempel gjorde i ein klatrevegg. Dette viser kor stor forskjell det er på ordinær- og naturbarnehage, og at naturbarnehagen ligg litt betre ann når det gjeld det motoriske hos barna.

For å få eit djupare innsyn i korleis dei forskjellige barnehagane arbeidar med bruk av naturen og barna sin motoriske utvikling kunne eg også brukt observasjon av barna når dei tilbringar tid ute i friluft som for eksempel skogen. Her kunne eg fått eit betre syn på forskjellane av korleis dei ansatte driv med dette i den praktiske kvardagen, sjølv trur eg at eg hadde fått eit godt auge på forskjellane, spesielt til dei yngste når dei er ute.

## 6.0 Litteraturliste:

- A, Berg. Natur- og friluftsbarnhagen- en motorikkfabrikk?. (2005). Lysklett, O. B. (Red). *Ute hele dagen! Artikkelsamling basert på nasjonal konferanse om natur- og friluftsbarnhager*. DronningMaudsMinne.
- Askeland, L. & Sataøen, S. O. (2013). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. (3. utg). Oslo: Gyldendal.
- Berg, A. *Motorisk usikre barn*. (2012). E B, Sandseter, T L, Hagen & T, Moser. (red). *Kroppslighet i barnehagen. Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse* (1. utg). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Berg, H. (2008). Hele kroppen trengs for å lære. S, Kibsgaard (Red.). *Grunnleggende læring i et stimulerende miljø i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Breivik, G. (2001). *Sug i magen og livskvalitet*. Oslo: Tiden Norsk Forlag.
- Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Abstrakt forlag AS.
- Fjørtoft, I. 1999. Naturen – et sted for lek og læring. Mot orisk mestring gjennom allsidig bevegelseslek i naturen. I: Rapport fra konferansen Forskning i friluft, landskonferanse om friluftsliv og forskning. Stjørdal 18.-19. nov. 1998. Rapport nr. 1. Friluftslivets fellesorganisasjon, FRIFO. Oslo.
- Fjørtoft, I. Barn og bevegelse: Læring gjennom landskap. (2012). E B H, Sandseter, T L, Hagen & T, Moser. (Red.). *Kroppslighet i barnehagen: Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse* (1. utg). Oslo: Gyldendal akademisk.

Grahn, P. Mårtensson, F. Lindblad, B. Nilsson, P. & Ekman, A. (1997). *Ute på dagis*. MOVIUM.

Jagtøien, G. L & Hansen, K. *Fysisk vekst og modning*. (2012). E B, Sandseter, T L, Hagen & T, Moser. (red). *Kroppslighet i barnehagen. Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse* (1. utg). Oslo: Gyldendal akademisk.

Jørgensen, K. A. (2018) *Innetid og sittelekeplasser hemmer barnas utvikling*. Henta frå: [https://www.barnehage.no/artikler/innetid-og-sittelekeplasser-hemmer-barnas-utvikling/431431?fbclid=IwAR1WpBvEpY2\\_bOiD5bDHREp\\_2xZT9rtGGvykln\\_tTd6j0xKepR7ZDkDUPeU](https://www.barnehage.no/artikler/innetid-og-sittelekeplasser-hemmer-barnas-utvikling/431431?fbclid=IwAR1WpBvEpY2_bOiD5bDHREp_2xZT9rtGGvykln_tTd6j0xKepR7ZDkDUPeU) 05.01.19.

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Innhold og oppgaver*. Hentet fra <https://www.udir.no/rammeplan>

Lysklett, O. B. (2013). *Ute hele uka, natur-og friluftsbarnhagen*. Universitetsforlaget.

Løkken, G. & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Løkås, M. T. (2018). *Her drar de minste rett ut i naturen når de skal bli kjent i barnehagen*. Henta frå: <https://www.barnehage.no/artikler/her-drar-de-minste-rett-ut-i-naturen-nar-de-skal-bli-kjent-i-barnehagen/440827> 07.01.19

Maanum, L. (2010). *Mangfoldig naturglede i barnehagen: Lek med natur, miljø og teknikk*. Oslo: Kommuneforlaget AS.

Moser, T. Motorikk, utvikling og læring – en kort innføring i grunnleggende begrep og forståelser. (2012). E B, Sandseter, T L, Hagen & T, Moser. (red). *Kroppslighet i barnehagen. Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse* (1. utg). Oslo: Gyldendal akademisk.

Osnes, H. Skaug, H. M. & Kaarby, K. M. E. (2015). *Kropp, bevegelse og helse i barnehagen*. (2. utg). Oslo: Universitetsforlaget.

Postholm, M. B. & Jacobsen, D. I. (2011). *Læreren med forskerblick. Innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Høyskoleforlaget.

Sigmundsson, H. & Pedersen, A.V. (2000). Motorisk utvikling- Nyere perspektiver på barns motorikk. Selbu forlag.

T. A, Fiskum, L B, Estil & K t, Gundersen. Barnemiljø, romorientering, fysisk aktivitet og body- mass index hos barn. (2005). Lysklett, O. B. (Red). *Ute hele dagen! Artikkelsamling basert på nasjonal konferanse om natur- og friluftsbarnhager*. DronningMaudsMinne.

Thelen, E. (1995). Motor development. A new synthesis. *The American psychologist*, **85**, 79-95

Thorbergsen, E. (2012). *Barnhagens uterom*. Pedagogisk forum.

Vedum, T. V, Dullerud, O. & Ødegaard, T. (2005) *Natur- og gårdsbarnehagen*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Vingdal, I. M. & Hollekim, I. (2001). *Barn i naturen: utfordring- opplevelse- læring*. Gyldendal Norsk Forlag AS.

## 7.0 Vedlegg

### Vedlegg 1

## Forespørsel om deltakelse i bacheloroppgåve

Eg heiter \_\_\_\_\_ og er ein 3. års student som barnehagelærer på HVL avdeling Stord. For tida arbeidar eg med bacheloroppgåva, der problemstillinga mi er ``Korleis dei ansatte ser på naturen som ein læringsarena, og korleis den kan brukas for barnas motoriske utvikling``. I denne oppgåva vil eg fokusere på korleis dei ulike barnehagane bruker uteområda som ein læringsarena, men samtidig korleis naturen vart brukt til den motoriske utviklinga til barna, her skal eg sjå litt forskjell på ein ordinær barnehage og ein natur barnehage. Metoden eg har valgt til å samle data er intervju, her vil eg intervju ein pedagog/barnehagelærer i fra kvar type barnehage.

Dermed søker eg ein deltakar etterfulgt av følgande kriterier:

- Ein pedagogisk leiar med formell pedagogisk utdanning som førskulelærer/barnehagelærer.

Under intervjuet ønsker eg å benytte diktafon/lydopptaker, eg kjem også til å notere litt undervegs. Opptaket vil bli slettet og alt dokument vil bli anonymisert. Sjølve intervjuet vil ta maks 30-40 min, og eg vil tilpasse meg når det passer for pedagogen, anten i deira arbeidstid eller utanfor

Dersom du vil ta del i dette forskingsintervjuet til bachelor oppgåva, er det fint om du kontaktar meg snarest mogleg. Eg vil da ta kontakt med deg for nærmare avtale, og du vil få tilsendt spørsmålene i forkant av intervjuet. Dersom du har spørsmål er eg tilgjengeleg på mail: \_\_\_\_\_ eller telefon: \_\_\_\_\_

Med vennleg helsing

---



**Intervju**

1. **Korleis bruker du naturen som læringsarena?**
  - **Er det andre i barnehagen som bruker naturen som læringsarena på andre måtar?**
2. **Korleis ser du på uteområdet som ein læringsarena for barna?**
3. **Korleis er dette med på å styrke den motoriske utviklinga til barna?**
4. **Korleis synes du naturen og uteområdet fremmer motorisk utvikling for barna?**
5. **Ser du noko forskjell på barnas bevegelsesmønster eller aktivitetsnivå når dei er ute i forskjell til inne? Eventuelt kva?**
6. **Er det mykje annett barna lærer når dei er mykje ute i naturen og på uteområdet enn motorikken, kva ser du?**
7. **Kva meiner du om barnehagens uteområdet?**
8. **Merker du forskjell på barnas leik inne kontra ute i naturen?**
9. **Korleis er dei vaksne i barnehagen med på å styrke den motoriske utviklinga til barna, i naturen og inne?**
10. **Lagar de til mykje opplegg og aktivitetar når de er ute, eller går det meir i frileik for barna?**
11. **Korleis synes du barnehagens uteområdet er innbydande til leik kontra naturen/skogen?**
12. **Er det noko forskjell på barnas relasjon til kvarandre i ute tida kontra inne?**